


## Kunnskapsløftet

(Ny læreplan I06).

Den nye 10-årige læreplanen som tek til å gjelde frå skulestart 2006, legg særleg vekt på at elevane er forskjellige, og tek til seg læring og kunnskap ved bruk av ulike metodar.

Pedagogen skal i større grad ta i bruk ulike læringsstilar, dvs korleis den enkelte elev lærer vanskeleg stoff best og korleis ho likar å arbeide. Vidare er det viktig at skulen gjer elevane medvitne på å velja gode og riktige læringsstrategiar for at den enkelte elev skal kunna tileigne seg læring på best mogleg måte.



## Gi rom for lesing!

Gi rom for lesing er den nasjonale strategiplanen for å styrke lesedugleik og motivasjon for lesing hos barn og unge.

Ved hjelp av statlege midlar er fleire hundre lokale og sentrale tiltak kome i gong: Tiltak for leseutvikling, lesestimulering, litteraturformidling og bruk av skulebibliotek.

Du kan lesa meir om "Gi rom for lesing!" på [www.skolenettet.no/lesing](http://www.skolenettet.no/lesing)

Andre aktuelle nettressursar:

[www.barnebok.no](http://www.barnebok.no)

[www.lesehulen.no](http://www.lesehulen.no)

[www.barnelitteratur.no](http://www.barnelitteratur.no)

[www.lesesenteret.no](http://www.lesesenteret.no)



## Knappskog skule

### *Leseopplæring*

Ein informasjonsfolder til elevar og føresette ved Knappskog skule.



## Fjell Kommune Knappskog skule

**Adresse: Fjæreidevegen, 5353 STRAUME**

**Telefon (nyeskulen): 55 09 75 50**

**Telefon (gamleskulen): 56 33 15 96**


**Telefon: (SFO): 56 33 11 96**

**Telefaks: 55 09 75 51**

**E-post: [adm.knappskog@fjell.kommune.no](mailto:adm.knappskog@fjell.kommune.no)**



[www.fjell.no/skule/knappskog](http://www.fjell.no/skule/knappskog)



## Korleis lærer barn å lese?

Dette er eit spørsmål som både foreldre og skulen er oppteken av. I småskulen er dette noko av det viktigaste pedagogane til ein kvar tid arbeider med. I førskulealder er dei fleste barn svært interessert i bokstavar, ord og bøker. Mange barn finn gjennom leikprega aktivitet ut korleis bokstavar og lydar kan setjast saman og danna ord. Det er spennande å løysa "kodar" og sjå at det er eit system for korleis ein kan lesa ord. Men barn er svært forskjellige. Medan nokre allereie så smått har begynt å lese, viser andre kanskje ikkje interesse for ord og bokstavar i det heile.

Denne ulikskapen gjev skulen ei ekstra utfordring når det gjeld å kunna gje alle elevane ved Knappskog ei tilrettelagt leseundervisning. Skulen har difor det siste året utvikla ein leseutviklingsplan som har som føremål å sikra god og tilpassa leseutvikling frå begynnaropplæringa til og med 4. klasse.

Lukke til med skulestart!

## Leseutvikling på Knappskog skule.

Det overordna målet for leseopplæringa frå 1.-4. klasse er å oppnå "flyt i lesinga" Det vil seie å verta ein funksjonell lesar. Ein funksjonell lesar er ein når ein kan lese for å kunne tileigne seg fakta eller for underhaldning. Vidare er det viktig å læra elevane strategiar for å kunne hente ut fakta og tolke tekstar når dei treng det.

For at skulen skal kunne oppnå desse måla må vi vite kva eleven meistrar, kva som er/kan verta problematisk og ha god kunnskap om eleven.

I den direkte oppfølginga skal pedagogen observera og ha samtalar med den enkelte i lesesituasjonar. Vidare er det av avgjerande betydning at læraren til ein kvar tid har kunnskap om nivå og utvikling hos den enkelte elev. Jamnlege kartleggingsprøvar syter for at læraren er oppdatert. Det overordna er at skulen og pedagogen gjennom heile opplæringa har eit nært og godt samarbeid med heimen. Det å kunna utveksle informasjon og at foreldra tek del i leseopplæringa, er ein viktig føresetnad for at eleven skal kunne oppleve meistring og at vi lukkast.




## Fire nivå til meistring.

Nivå 1: Utvikle godt språkleg medvit. Skape interesse, undring og leselyst.

Nivå 2: Lære leseteknikk—syntese.

Nivå 3: Oppnå leseflyt. Øve læringsstrategiar for å hente ut fakta og tolke tekst.

Nivå 4: Oppnå leseflyt (min. 100 ord/min.). Kunne hente ut fakta og tolke tekst.



### Tips til foreldre:

- Gje tid og rom for lesing. Vis interesse for korleis dei har det og korleis det går med lesinga.
- Barnet som enno ikkje kan lese, bør oppmuntrast til "leikelesing" til eit kosedyr e.l.
- Les for barnet, helst kvar dag. Besøk biblioteket ofte, t. d. kvar 14. dag.
- La barna fortelje frå skuledagen og frå bøker som dei vaksne har lese. Å kunne fortelje er viktig for språkutviklinga til barnet.

Det viktigaste av alt er at skulen og heimen i samarbeid kan skapa leselyst for barnet. Det er avgjerande for at barna i framtida skal få glede av lesinga!

